

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.06.2008
Sakhandsamar: Torleiv Bergland
Saka gjeld: **Ny samansetting av det regionale brukarutvalet**

Arkivsak
2004/127/016
Styresak 078/08 B

Styremøte 25.06. 2008

Bakgrunn

Det regionale brukarutvalet vart vedteke oppretta i styremøte 27. mai 2002, sak 51/02.
Det går fram av saka at regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen.
Regionalt brukarutval hadde sitt første konstituerande møte 27. juni 2002.
Det vart oppnemnd ny samansetting av utvalet med verknad frå hausten 2006.
Siste møte i utvalet med noverande samansetting vart halde 30. mai.

Kommentarar

I styresak 051/02 vart desse kriteria lagt til grunn ved samansettinga av utvalet:

Medlemmene skal være geografisk jevnt fordelt i regionen. Det skal tilstrebdes mest mulig lik fordeling mellom kjønnene, og det skal være en rimelig aldersfordeling.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) blir bedt om å foreslå hhv. 6 og 2 medlemmer hver. Det forutsettes en bredes mulig representasjon av organisasjonenes medlemsmasse, slik at ulike pasientgrupper innen både somatikk og psykiatri blir representert. Dette innebærer at både tradisjonelt svært synlige pasientgrupper og mindre synlige grupper kronikere og pasientgrupper med såkalte "ubestemte" lidelser, skal sikres representasjon. Det samme gjelder pasientgrupper som ikke er i stand til å ivareta sine egne interesser, som f.eks. barn og grupper av eldre.

I samsvar med bestillardokumentet til Helse Vest og styringsdokumenta til helseføretaka for 2004 skal fylkeseldreråda òg vere representert i brukarutvala.

Det regionale brukarutvalet vil såleis inkludera i alt ni medlemmer.

I tråd med styrevedtaket frå 2002 bad Helse Vest i brev av 14. april i år Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) om å foreslå medlemmer til det regionale brukarutvalet, for ein ny periode på to år.

Fylkeseldreråda i Helseregion Vest har i samarbeid foreslått medlem til det regionale brukarutvalet.

Organisasjonane har foreslått desse personane som representantar for det regionale brukarutvalet:

- Steinar Andersen, FFO Rogaland / Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Njål Idsøe, FFO Rogaland / Norsk Revmatikerforbund
- Solfrid Lillebø, FFO Sogn og Fjordane / Mental Helse
- Jostein Melheim, FFO Sogn og Fjordane / Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Gunn Leiknes, FFO Hordaland / Norsk Parkinsonforening
- Marit Sundal, FFO Hordaland / Multippel Skleroseforeningen
- Ingeleiv Haugen, SAFO / Norges Handikapforbund
- Else-Berit Ingvaldsen, Norsk Forbund for Utviklingshemmede
- Ruth Thu, Fylkeseldrerådet i Rogaland

Vararepresentantar:

- 1. vararepresentant frå FFO Rogaland
Kari Toftøy-Andersen, Noregs Fibromyalgiforbund
- 2. vararepresentant frå FFO Rogaland
Elisabet Salte, Norges Astma og Allergiforbund
- 1. vararepresentant frå FFO i Sogn og Fjordane
Odd Hansen, Hørselshemmedes Landsforbund
- 2. vararepresentant frå FFO Sogn og Fjordane
Sissel Stavøstrand, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- 1. vararepresentant frå Hordaland
Katrín Holmefjord, Mental Helse
- 2. vararepresentant frå FFO Hordaland
John Thorbjørnsen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Vararepresentant frå SAFO
Helen Aareskjold, Norges Blindeforbund
- Vararepresentant frå fylkeseldrerådet i Hordaland
Olga Johannessen

Forslag til vedtak

Medlemmene til det regionale brukarutvalet for perioden 2008 – 2010 vert oppnemnd i samsvar med saksførelegget.